

MOTTATT

4 SEPT 2015

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

«Ny tilskuddsordning for nasjonale ukemedier»

– høyringsfråsegn frå Det Norske Teatret

Det Norske Teatret (DNT) vil gjerne gi sine merknader til framlegget «Ny tilskuddsordning for nasjonale ukemedier».

Som ein av dei leiande nynorskinstitusjonane vil vi understreke kor viktig det er med ei nynorsk riksavis. For DNT er det òg avgjerande at det er ei avis som har ressursar til å få fram interessant kulturstoff som støre skodespelarar og andre tilsette både praktisk språkleg og ideologisk i deira viktige arbeid med å oppretthalde nynorsk som bruksspråk i ein pressa mindretalsposisjon.

I dag dekkjer Dag og Tid denne funksjonen på ein god måte. Dag og Tid betaler ikkje ut utbytte, og er heilt avhengig av støtte for å kunne drive god journalistikk som også reelt dekkjer heile landet både kulturelt og politisk. Etter vårt syn vil ei vesentleg svekking av økonomien til Dag og Tid derfor bety ei vesentleg svekking av den nynorske ålmenta over heile landet.

DNT vil ikkje ta særskilt stilling til den generelle innrettinga av forskrifta, men peike på element som kan påverke moglegheitene til å oppretthalde ei god vekeravis på nynorsk.

Framlegget om at nynorskaviser tek imot ein høgare grunnsats er viktig, og vi understrekar at denne satsen må setjast slik at det reelt er mogleg å halde oppe drifta på dagens nivå. På same tid må dei generelle krava til støttmottakarar ikkje setjast slik at dei i praksis kan kome til hinder for dette. Til dømes vil eit krav om representasjon over eit visst nivå i alle fylke kunne slå negativt ut for ei nynorskavis, som truleg vil ha ein relativt stor del av opplaget i andre fylke enn utgivarfylket, men kanskje ikkje jamt fordelt over landet.

Vi vil særskilt understreke behovet for at nivået for tilskott til vekeavis på nynorsk er føreseieleg, særleg med omsyn til at det berre finst ein publikasjon som i dag dekkjer denne delen av marknaden. Eit tilskott fastsett som ein fast del av totalen må halde eit visst nivå sjølv om budsjetttramma kan variere. Ved ei omfordeling av midla mellom gruppene vil det ikkje vere slik at andre utgivingar vil dekkje behovet for nynorsk debatt, kultur og nyheiter.

For Det Norske Teatret


Erik Ulsby
Teatersjef

Nina Refseth
Styreleiar
Sign.